



FYLKESMANNEN
I ROGALAND

Dykkar ref.: 201836759-2

Vår dato: 11.10.2018

Vår ref.: 2018/7975

Arkivnr.: 431

NVE Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstuen
0301 Oslo

Postadresse:
Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00
F: 51 52 03 00
E: fmropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Uttale til høyring av søknad om mellombels senking av vasstanden under LRV for dam Langevatn, Gjesdal kommune

Vi viser til søknad om mellombels senking av vasstanden under LRV for Dam Langevatn i Gjesdal kommune, sendt på høyring i brev av 16.08.18.

Dam Langevatn er reservevasskjelde for vassforsyning i regionen, og blir regulert mellom HRV 161,71 og LRV 154,91. Demninga skal no oppgraderast. I samband med dette arbeidet søker IVAR IKS om å senke vasstanden 7,21 meter under LRV til kote 147,7 for perioden 1. april til 30. november 2019.

Fylkesmannen si vurdering

Fylkesmannen ser at det er vesentlege samfunnsinteresser knytt til ombygginga av damanlegget. Vi har likevel nokre merknader til gjennomføringa av tiltaket.

Riggområde som mellom anna skal nyttast til mellomlagring av massar ligg relativt nært Neseåna. Dei nedre delane av Neseåna er kategorisert som naturtypen *svært viktig bekkedrag* (A-verdi), og det er her funne store bestandar av den truga mosearten bekkelommemose (VU). For å unngå forureining og tilslamming av resipient, er det derfor viktig at ein sikrar massane mot avrenning til vassdraget. Dersom det blir gitt dispensasjon frå arealdelen i kommuneplanen til opparbeiding av riggområdet, føreset vi ut i frå omsynet til jordverninteresser at landbruksarealet etter avslutta tiltak, og innan rimeleg tid, blir tilbakeført til tilsvarande eller betre kvalitet.

Det er vanskeleg å vurdere effektane av nedtappinga av Langevatn i høve til påverka areal, då det ikkje ligg føre kart over djupner av vatnet. Det er heller ikkje opplyst i søknaden kva for nokre artar av fisk som held til i Langevatn i dag, men Fylkesmannen er kjent med at det i tidlegare kartleggingar er registrert aure, røye og sik. Senkinga av vasstanden i Langevatn må derfor skje etappevis for å unngå stranding av fisk, og NVE bør sjå nærare på effektane nedtappinga kan ha for gyteperioden.

Med helsing

Per Kristian Austbø
ass. fylkesmiljøvernsjef

Annette Fosså
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Saksbehandlar: Annette Fosså
Saksbehandlar telefon: 51 56 89 20
E-post: fmroafo@fylkesmannen.no

Kopi til:

Gjesdal kommune	Rittedalen 1	4330	Ålgård
Rogaland fylkeskommune	Postboks 130	4001	Stavanger